

## Årsrapport for Strandebarm Sokneråd for året 2020

### Medlemer i soknerådet :

Olav Tombre (leiar), Kåre Milje (nestleiar), Åse Sandnes Fosse, Anne Marie Bogetveit Berge, Bodil Stranden, Arne Gjerstad, Torunn Baldersheim, Anne-Kristin Torsnes Fosse og sokneprest Roar Strømme

Varamedlemmer: Inger Ljones Måkestad, Lillian Hjartåker Fosse, Lina Chandrike Berge, Siv Ljones, Alvhild Tveitnes

Representantar i Kvam Kyrkjelege fellelråd:

Olav Tombre (vara er Torunn Baldersheim) og Kåre Milje (vara er Arne Gjerstad)

**Årsmøtet 2020** vart ikkje halde grunna nedstenging av coronaomsyn.

**Soknerådet har hatt 4 møter og 26 saker er handsama i 2020.**

### Litt frå års-statistikken (2019 i parentes)

Gudstenester: 24 (24) På Strandebarmsheimen: 0 (3) gudstenester og 8 (15) andaktar.

Døypte: 12 (7) Konfirmerte: 19 (19) Vigsel: 0 (2) Gravlagde: 17 (8)

Samla offer var kr. 24 188 (kr. 56 871).

### Arbeidet i kyrkjelyden

#### **Gudstenestene**

Vanlegvis har det vore gudstenester annankvar sundag med felles gudstenester for alle sokna i sommarmånadene. Tilsaman har 1276 delteke. Grunna Coronaomsyn har mange gudstenester vorte avlyst, men det er blitt laga digitale gudstenester til alle søndagar der dei fysiske gudstenestene er blitt avlyste.

2. pinsedag var det «pilegrimsvandring» frå Haukås til Holsete. Soknerådet ynskjer å halda fram med dette.

Søndag 12. juli vart det skipa Friluftsgudsteneste på Åse. Det er også ein fin tradisjon.

#### **Dåps-samtalar**

Dei aller fleste borna i bygdene våre vert døypte i kyrkja, og presten har alltid samtale med foreldre på førehand. No er det ganske vanleg at nokre av konfirmantane ikkje er døypte som born og at dei ynskjer å bli døypte før konfirmasjonen.

#### **Tiltak for born og ungdommar (trusopplæring)**

**Babysong:** Dette er for dei aller minste. I år var det ingen frå Strandebarm, men dei vart inviterte til å vera med på babysong i Norheimsund.

**4-årsbok:** 8 born deltok (114% då det var 7 inviterte)

**Skulestartbok:** Søndag 7. juni var det samling med bokutdeling (foreldre var med, 2 kvar pga. koronaomsyn), 11 deltakarar (13 inviterte)

**Kyrkjekino:** Fredag 24. januar var 5.-7. trinn inviterte til kyrkjekino. Dette er eit tiltak som vert gjennomført tredjekvart år. 15 born deltok (12 år: 5 av 10, 13 år: 3 av 9, 11 år: 7)

Dåverande diakon steppa inn for kateket og gjennomførte samlinga då sistnevnte fortsatt var i permisjon.

**Tårnagent:** Avlyst

**Konfirmant:** 19 konfirmantar (av 14 inviterte, dei fra Tørvikbygd høyrer eigentleg til Vikøy sokn men går på Strandebarm skule, difor litt skeivt tal)

Samling med prestevikar (Marna Roer) og kateketen i kyrkjelydshuset omtrent annakvar veke. Ingen fysisk innsamling med konfirmantane til fasteaksjonen (Kirkens Nødhjelp) pga. koronaomsyn.

Konfirmantleiren vart avlyst og konfirmasjon vart utsett til hausten 2020.

### **Konfirmantjubileet**

Det vart ikkje skipa Konfirmantjubileum i 2020.

### **Diakoniarbeid**

Det har vore 2 samlingar for diakoniutvalet for alle sokna. Planane må nok endrast no når Sigrid er kyrkjevevjerje.

Ingen nye diakonitiltak er sett i gang i Strandebarm dette året.

I diakoniplanen vår er kyrkjekaffi, temakvelder mm rekna med som diakonalt arbeid: Desse møteplassane er med på å byggja/styrkja felleskap og samkjensle.

Korona-situasjonen har ført til at dette ikkje har vore mogeleg i 2020.

### **Andre arrangement dette året**

Det har ikkje vore andre tilskipingar i 2020

### **Konsertar i kyrkja**

Det var countrykonsert i kyrkja søndag 8. mars, med Knut Inge Røen og organist Sevi. Dette var eit samarbeid mellom soknerådet og Fosse indremisjon.

Strandebarm songlag hadde to konsertar i kyrkja søndag 20. desember.

### **Kyrkjebygget og gravplassen**

I dåpssakrestiet var det ein vasslekkasje som truleg har vara ei stund. Dette medførte at skap og vask og deler av golvet måtte skiftast ut. Rommet er no måla i same farge som våpenhuset, golvet er retta opp, og det er lagt laminat på det gamle golvet. Det er kjøpt ny vask med skåp og 2 nye stolar. Rommet er no i god og tenleg stand.

Bilete av tidlegare prestar har fått nye råmer, og nokre har fått ny plassering bak i kyrkja.

I sumar vart det også oppdaga ein stor vasslekkasje i gangvegen på sørsida av kyrkja. Grunna vantande opplysningar om leidningsnett kring og i kyrkja, medførte dette eit stort og omfattande gravearbeid for å finna lekkasjen. Lekkasje er no utbetra, og vasstrykket i kyrkja er no greit. Graving og utbetring vart gjort av kyrkja sitt eige personale. Det står att litt stell og ny asfalt der gravinga fann stad.

### **Kyrkjelydshuset**

I kyrkja sitt arbeid har huset vore mindre brukt i 2020 grunna koronaomsyn. I tillegg har det også vore nytta til 6 minnesamvær, 3 dåpsfestar, og samlingar i ulike lag/organisasjonar.

Torsdag 16. januar var det kulturkveld med tema Svalbard, tekst og bilete v/Olav Tombre Soknerådet hadde kulturkveld med Jan Spurkeland med tema Ivar Medaas 20. februar.

### **Kyrkjebladet**

Det kom ut eit nummer av Kyrkjeblad for Strandebarm i 2020. Soknerådet vil freista å få til fleire nummer i 2021, under føresetnad at det kjem inn meir bladpengar. Kyrkjeblad for Kvam har i 2020 vore fulldistribuert også i Strandebarm.

### **Kyrkjeleg tilsette i 2019**

Sokneprest i Strandebarm og Vikøy: Roar Strømme

Sokneprest i Øystese og Ålvik: Lars Arne Vik

Kyrkjeverje/dagleg leiar: Vikar: Hans Soldal frå 1. august 2019 til 31. juli 2020.  
Sigrid Karoline Eriksen-Tufteland frå 1.8.2020

Sakshandsamar på kyrkjekontoret i Norheimsund: Anne Kari Sørheim

Organistar: Margrete Lid Kjosås og Sevinnj Asgarova Øvrehus

Kateket: Mampion Andriamandimby (50% tilbake etter permisjon frå 01.12.20)

Marna Roer i konfirmantarbeidet.

Kyrkjelydspedagog: Solveig Lønning Sangolt (70%)

Diakonmedarbeidar: Sigrid Karoline Eriksen-Tufteland (50%) fram til 01.08.20

Kyrkjetenar: Monica Sørstrømmen Skogvoll. Vikar: Lillian Fosse

Klokkar: Lillian Fosse

Avdelingsleiar på kyrkjegarden: Heine Ugletveit

### **Avslutning**

· Soknet sine kulturtilskipingar med låg, kyrkjeleg terskel har gjerne svært stor oppslutnad i Strandebarm, og samlar folk også frå resten av Kvam.

Soknerådet sitt ynskje er at folk skal kjenna seg heime i kyrkja og oppleve at

- der er det rom for alle
- der får ein lytta til song /musikk som kan gje ein noko som er ulikt det ein vanlegvis høyrer
- der får ein høyra gamle tekstar, om ulike menneske sitt forhold til kvarandre, om menneske sitt forhold til Gud og Guds forhold til menneske
- der får ein høyra på bønner som er nære, men også bønner som også får ein til å heva blikket

Soknerådet vonar at det nye året skal verta meir normalt, og at det vert råd å ha normale aktivitetar i kyrkja og kyrkjelyden i det nye året. Ikkje minst at det diakonale arbeidet kjem i normalt gjenge. Me ser fram til igjen få høve til å servera kyrkjegjengarane kyrkjekaffi og ein god drøs i kyrkja.

Strandebarm, 9. mars 2021

Olav Tombre